



Arkivnr: 2015/869-2  
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

## Evaluering av museumsreforma

### Samandrag

Saka om evaluering av museumsreforma i Hordaland har bakgrunn i Fylkestinget si løyving i sak PS 20/2015 *Oppfølging av museumsplanen 2015*, på 400 000 kroner til evaluering av museumsreforma i Hordaland. I møte 15. april 2015, PS 51/2015, handsama Kultur- og ressursutvalet fordeling av museumsplanmidlar på institusjon. I saka vart det vist til at det må utarbeidast detaljerte retningslinjer for kva oppdraget skal omfatte, som så vert å kome attende til i eiga sak. Pengane er løyvd til tiltaket, men ei definering og avgrensing av kva som skal omfattast av ei evaluering, står såleis att.

Hordaland er eit stort museumsfylke med ti konsoliderte museumseiningar. Fylkeskommunen sin museumspolitik er vedteken i Regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet», som no er ført vidare i «Premiss: Regional plan for kultur 2015-2025».

I PS 11/2015 vedtok Fylkestinget handlingsprogram for «Premiss: Kultur – regional plan for kultur 2015-2025». Som presisering til tiltaket *Evaluering av museumsreforma* står det: *Tiltaket inneber kartlegging av konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar og for dei konsoliderte einingane*. Ei evaluering skal dermed omfatte både dei konsoliderte einingane og dei kommunale og private samlingane.

Fylkesrådmannen legg til grunn at evalueringa bør omfatte hovudmålsettingane i museumsreforma, både organisatorisk og fagleg, slik dei kjem til uttrykk i St. melding 22 (1999-2000) og St. melding 49 (2008-2009). I tillegg må den omfatte område som Hordaland fylkeskommune som aktiv politikktutformar sjølv ønskjer å få ei utgreiing om, og område som ein gjennom dialog med musea og andre aktørar oppfatar som utfordrande. For den nasjonale delen kan det vere naturleg at evalueringa er utforma slik at den kan nyttast i samanlikning med utgreiingar frå andre fylkeskommunar. Eit døme her er Akershus fylkeskommune som skal gjennomføre ei evaluering i løpet av 2015. Samstundes må ein ta omsyn til at det er store skilnader i museumsstruktur mellom ulike fylke, mellom anna med omsyn til juridisk styreform og talet på konsoliderte einingar. Det vil vere eit krav om at statistikk og anna grunnlagsmateriale som vert samla inn, også kan nyttast vidare i ulike utgreiingsarbeid/politikktutforming i regi av fylkeskommunen. Det vil også vere ein føresetnad for tildeling av oppdraget at ein kan vise til erfaring frå liknande prosjekt og har god kjennskap til feltet. Tema for ei evaluering kan samanfattast i 7 punkt:

1. Hovudmålsetingane i museumsreforma (økonomi, besøk, stordriftsfordelar, profesjonalisering)
2. Organisering, særleg tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre.
3. Konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar. Til dette punktet høyrer at regionale ansvarsmuseum er Hordaland si satsing i regional museumsplan i høve private og kommunale satsingar.
4. Korleis frivilligheita har utvikla seg etter konsolideringa.
5. Evaluering av Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso.
6. Organisering av fellestenestene for Hordaland, Bevaringstenestene, som del av ei konsolidert eining – Museumssenteret i Hordaland.
7. Musea sitt arbeid med den immaterielle kulturarven.

Det er viktig at evalueringa får med dei relevante aktørane sin perspektiv: eigarane (kommunar, eigarstiftingar og andre), frivillige, leiding og tilsette ved musea, politikkkutformarar, brukarar. Evalueringa vil kunne gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. Den vil saman med evalueringar frå andre fylke også bidra til å gi eit nasjonalt bilete på verknadene og resultatane av museumsreforma etter ti år, og vil såleis vere eit viktig dokument i dei regionale og nasjonale diskusjonane.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet ser det som viktig at ei evaluering av museumsreforma i Hordaland omfattar både nasjonale, regionale og lokale interesseområde, og at ein ser på frivilligheit, kommunale- og private samlingar som del av reformbiletet.
2. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at ei evaluering av museumsreforma i Hordaland omfattar dei områda som er gjort greie for i saken, og at dette vert tekstgrunnlag i anbudsutlysinga.
3. Resultatet av evalueringa kan gje grunnlag for vurdering av endringar i satsingar og struktur i den regionale museumspolitikken.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.10.2015

I samband med denne saksutgreiinga har ein bede museumsleiarane om innspel på tema som ei evaluering av museumsreforma bør fokusere på.

Målet med den nasjonale museumsreforma på 2000-talet var ei profesjonalisering av museumssektoren, både organisatorisk og fagleg. Talet på museum var høgt og gjennom samanslåing ville ein sikre betre fagleg kvalitet og økonomisk utnytting av ressursane. Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* og Stortingsmelding nr. 48 (2000-2003) la grunnlaget for reforma. Den offentlige museumspolitikken er retta inn mot hovudoppgåvene til musea knytt til dei fire f-ane forvaltning, forskning, formidling og fornying.

Hordaland er eit museumsfylke med ti konsoliderte einingar. Desse er: Bergens Sjøfartsmuseum, KODE, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Baroniet Rosendal, Hardanger og Voss museum, Sunnhordland museum, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Bymuseet i Bergen, Olav H. Hauge-senteret. I 2014 kom Olav H. Hauge-senteret inn under fylkeskommunen sitt museumsbudsjett, Kultur- og ressursutvalet sak 57/2014 . Olav H. Hauge-senteret er konsolidert med Nynorsk Kultursentrum i Møre og Romsdal. Baroniet Rosendal, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Bergens Sjøfartsmuseum er konsoliderte med seg sjølve. Den regionale museumspolitikken er primært knytt til dei ti einingane. Musea får årlege driftsmidlar på rundt 48 mill. kr. frå Hordaland fylkeskommune. I tillegg fins det meir enn 60 kommunale og private samlingar.

Museumsfeltet er eit viktig politikkområde for Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen tok ei aktiv rolle under museumsreformprosessen med tilrettelegging og rådgjeving for å få til gode resultat. *Fylkesdelplan for museum 2003-2008* var det viktigaste regionale styringsinstrumentet, vedteke av Fylkestinget i juni 2003. I samband med utarbeiding av regional plan for museum 2011-2015 vart det gjennomført undersøkingar blant musea for å få eit bilete på område med særleg store utfordringar. Dei økonomiske utfordringane merka seg ut, både innan drift og investeringar. Museumsplanen sine 46 tiltak fokuserer særleg på å fremme fellesløysingar. Eit løft vart gitt til utstillingar med 2 millionar kroner i 2013. Tiltaksdelen var utarbeida i samarbeid med musea. Til saman i åra 2012 til 2015 har Fylkestinget løyvd oppfølgingsmidlar til museumsplanen på 10,1 mill. kr.

Det er ikkje gjennomført ei større nasjonal evaluering av museumsreforma. Norsk Kulturråd finansierte rapporten *Organisering av museene. Evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen* som vart publisert i 2013. Undersøkinga vart gjennomført av Arbeidsforskningsinstituttet. Den har form av eit case-studium med Jærmuseet, Hedmark fylkesmuseum, Musea i Sogn og Fjordane og Museene for Kystkultur og Gjenreisning (Finnmark). Fokus i undersøkinga er organisering, det vil seie dei juridiske tilknytingsformane - stifting, aksjeselskap og interkommunalt selskap, med omsyn til styrke og svakheit ved dei einskilde organisasjonsmodellane, styret si rolle og samansetning, grad av profesjonalisering, eigartilhøve, museet si lokale forankring.

I tillegg til den nasjonale evalueringsrapporten er det gjennomført fylkesvise evalueringar/eller skal gjennomførast evalueringar - til dømes Akershus. I Hordaland har Hardanger og Voss museum gjennomført *Organisasjons gjennomgang Hardanger og Voss museum. I samme båt?* (Nordby 2013). Den har eit særleg blick på strukturelle tilhøve.

I kvar grad museumsreforma sine mål er oppnådd for musea i Hordaland, inneber at ein i undersøkinga må sjå på den økonomiske utviklinga sidan midten av 2000-talet, utvikling i besøkstal, utstillingsproduksjon, forskingsproduksjon, utbygging av fellestenester, oversikt og tilgjengeleggjering av samlingane gjennom digitalisering, fornying og stordriftsfordelar. Utviklinga i

vårt fylke må sjåast i samanheng med utviklinga i andre fylka med omsyn til dei nasjonale målsetingane.

Organisatorisk vil undersøkinga særleg måtte fokusere på tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre. Dei ti musea i Hordaland er stiftingar. Det inneber mellom anna større lokalt autonomi og råderett gjennom eigarstiftingar. Ei kjelde til spenning er såleis mellom eigarstyre og driftsstyre. Eigarstyre kan ønske større moglegheit til å påverke drifta. Museumsleiarar i Hordaland har uttrykt at ei slik todeling kan vere anstrengande og vanskeleg for å oppnå ei effektiv drift.

Frivilligheit er eit aktuelt samfunnstema som musea har tatt opp som utfordrande. Hordaland fylkeskommune har i regional plan for kultur 2015-2025 stor vekt på frivillige som ressurs i kulturminnevern og museum. Ein vil derfor at evalueringa skal sjå særleg på dette temaet. Aktuelle spørsmål er: Korleis har frivilligheit i musea utvikla seg sidan midten av 2000-talet og kva for tiltak har ein for å nytte frivillige som ressurs? Undersøkinga vil vere grunnlag for eit vidare arbeid i regi av Hordaland fylkeskommune for å etablere ein regional politikk for frivilligheit innan kulturminnevern og museum.

I Hordaland fins det mange private og kommunale samlingar. I samband med utarbeidinga av museumsplanen 2011-2015 vart det laga ei oversikt over desse samlingane. Kommunar som ikkje har eit konsolidert museum i sin nærleik, kan oppleve at avstanden er stor. 5 regionale ansvarsmuseum skal fungere som rådgjevande vis a vis kommunale og private samlingar. I kva grad/ og kor mykje kommunane bidreg økonomisk inn til musea, vil vere viktig å belyse i denne samanheng. Korleis opplev kommunane situasjonen etter museumsreforma?

Fylkeskommunen tok eit stort ansvar i arbeidet med Tusenårsstaden Kabuso i Øystese, eit senter av nasjonal tyding, open for internasjonale kulturimpulsar. Fylkesdelplan for museum (2005-2008) slo fast at Tusenårsstaden skulle gå inn i konsolideringa med musea i Hardanger som ei styrking av det regionale kunst- og kulturlivet. I 2007 vart Kabuso overdrege frå Hordaland fylkeskommune til dåverande Hardanger museum. Følgjande målsetting vart formulert for Kabuso: *"Det konkrete uttrykket for Hardanger som tusenårsstaden i Hordaland skal manifesterast i eit kunst- og kultursenter i Øystese, som med bakgrunn i fortida skal spegla samtida og vera ein møteplass for alle. Tusenårsstaden skal vera eit senter der kunst- og kulturytringar vert formidla på eit profesjonelt nivå, og der kunsten kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda ute."* Gode samarbeid med eksterne produksjonsmiljø, kunst-, musikk- og utstillingsfagleg ekspertise er eit middel for å drive Kabuso vidare fram som kunstinstitusjon med høg kvalitet. Det er no gått nær 10 år sidan Kabuso vart etablert som ein del av Hardanger og Voss museum. For Hordaland fylkeskommune som eigar vil det vere viktig å sjå om og korleis målet for verksemda er oppfylt i den noverande organiseringa.

Bevaringstenestene med Fellesmagasinet er organisert som ei avdeling under Museumssenteret i Hordaland. Kva ei slik organisering inneber for utviklinga av musea sine fellestenester, men og for Museumssenteret, vert grunnlag for evaluering.

UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv vart ratifisert av Noreg i 2007. Den forpliktar musea til ein innsats innan dette feltet. Immateriell kulturarv (døme kan vere språk, ritual, tradisjonelt handverk, dans, sosiale skikkar) er ei viktig kjelde til identitet og tradisjonsberar. Arbeidet med immateriell kulturarv inngår i dei fire f-ane forvaltning, forskning, formidling og fornying. Korleis denne delen av kulturarven vert arbeida med i musea, bør vere ein del av evalueringa.

I arbeidet med evalueringa må ein få med dei relevante aktørane perspektiv: eigarane (kommunar, eigarstiftingar og andre), frivillige, leiding og tilsette ved musea, politikktutformarar, brukarar. Det vil vere eit krav om at statistikk og anna grunnlagsmateriale som vert samla inn, også kan nyttast vidare i ulike utgreiingsarbeid/politikktutforming i regi av fylkeskommunen. Det vil også vere ein føresetnad for tildeling av oppdraget at ein kan vise til erfaring frå liknande prosjekt

og har god kjennskap til feltet. Evalueringa vil kunne gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. Den vil saman med evalueringar frå andre fylke også bidra til å gi eit nasjonalt bilete på verknadene og resultatane av museumsreforma etter ti år, og vil såleis vere eit viktig dokument i dei regionale og nasjonale diskusjonane.